



Nattverd i særskilde situasjonar - soknebod

1. Dette er ei ordning til bruk utanfor hovudgudstenesta og/eller kyrkjerommet. Pastoral og diakonalt skjønn er avgjerande for liturgiske val i, og gjennomføring av, ordninga.

Nattverdbønene frå hovudgudstenesta kan nyttast i staden for bønene i denne ordninga.

2. Innleiingsorda i ledd 1 | **Innleiing** og tilseiinga i ledd 8 | **Tilseiingsord** kan òg hentast frå Ordning for hovudgudstenesta.
3. Dei valfrie ledda i ordninga er markerte med kursiv. Dette gjeld ledd 2 | *Salme*, 6 | *Guds lam – Agnus Dei*, 9 | *Takkebøn* og 11 | *Salme*.
4. Det vert nytta brød og vin som i hovudgudstenesta si nattverdfeiring. Dersom den som skal ta imot nattverd ikkje er i stand til å ta imot både brød og vin, er det tilstrekkeleg å leggje ein drope nattverdvin på tunga.
5. Nattverd i særskilde situasjonar kan gjennomførast saman med skriftemål eller salving. Det er viktig at ein slik kombinasjon ikkje gjev inntrykk av at nattverden føreset høvesvis skrifte eller salving.
6. Den som forrettar, ber liturgisk drakt eller anna passande drakt, til dømes diakonskjorte eller presteskjorte. Det er òg mogleg å bruke stola utan alba.

1 | Innleiing

L | I namnet åt Faderen, Sonen og Den heilage ande. [Vår skapar, frigjerar og livgjevar.]

Her kan følgje:

Jesus seier at der to eller tre er samla, er han midt iblant oss. **MATT 18,20**

I tillit til dette løftet feirar vi nattverd.

2 | Salme

Her kan følgje ein salme eller salmevers

3 | Nattverdbøn

L | Gode Gud, du har skapt oss og kalla oss ved namn. Du opnar di hand og mettar alt som lever med det gode. Vi takkar deg for Jesus Kristus, vår frelsar. Han er det levande brødet som kjem ned frå himmelen og gjev verda liv.

Vi bed deg: Send din Ande over oss og gåvene dine, så vi kan ta imot Jesus Kristus i brødet og vinen.

4 | Innstiftingsord - Verba

L | Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg.

Like eins tok han begeret etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av det! Dette beger er den nye pakt i mitt blod, som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av det, så gjer det til minne om meg.

5 | Fadervår

A | Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen

[Fadervår frå 1985](#)

[Fadervår frå 1938](#)

6 | **Guds lam - Agnus Dei**

Her kan ein syngje Guds Lam - Agnus Dei

**A | Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss.
Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss.
Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, gjev oss din fred.**

7 | **Måltidet**

Utdelingsorda lyder anten:

Kristi kropp, gjeven for deg.

Kristi blod, gjeve for deg.

Eller:

Dette er Jesu lekam.

Dette er Jesu blod.

8 | **Tilsegingsord**

Anten

L | Vi har teke imot Jesus Kristus. Bevar oss no og til evig tid. Amen. +

Eller

L | Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin kropp og sitt blod som han gav til soning for alle våre synder. Han styrkje oss og halde oss oppe i ei sann tru til det evige livet. Fred vere med dykk.

9 | **Takkebøn**

Her kan følgje:

L | Vi takkar deg, nådige Gud, for dine velsigna gåver. Vi bed at du ved desse gåvene vil halda oss fast i trua på deg, sameina oss i din kjærleik og stadfesta oss i håpet om det evige livet, for Jesu Kristi skuld. Amen

10 | **Velsigning**

L | Herren velsigne deg og vare deg. Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig. Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred.

11 | **Salme**

Her kan følgje ein salme eller eit salmevers.